

AKS AV GULL

KJELL INGE TORGERSEN



Årsak og virkning

Årsak og virkning er sentrale drivkrefter. Til og med vår vesle innspeling har ei årsak – nemleg "Fields of Gold". Men ikkje framført av Gordon Sumner. Ein sein kveld mens eg er på besøk heime hos Aril, set han på ein CD med Eva Cassidy. Eg kjente ikkje dama, aldri høyrte om ho – men ut anlegget smyg seg den eine, for meg, utvaska låten etter den andre, så herleg, så herleg. Eg står der og gapar. Det er ikkje avsynging. Det er tilsynging, til meg, i nye tolkingar, det er så nedpå og vårt og vakkert. Desse gamle sviskene. Og eg som ikkje kan fordra "Over the rainbow"! Eg ser på Aril. Dette må det gå an å få til på norsk...! "I senga den kvelden, rett før han sovner, får Kjell Inge tro på at prosjektet har livets rett." Fire år seinare kan me seie: og resten er historie. (Forresten: Over the rainbow med Eva Cassidy drar eg litt for, alikevel ;-)

Korfor nynorsk?

I Noreg finst det mange sinte målmenn — og nynorsk er nettopp språket for kjenslene. Dveling krevjer nynorsk. Bokmål brukar me i nettbanken.

Eg trur me er flinkast i norsk. Me misser nyansar, valørar, utydelege smågreier når teksten me les eller høyrer, ikkje er på morsmålet vårt. Ein engelsk tekst blir ein del av musikken, av sounden. Ein norsk tekst, derimot, tilfører musikken ekstra lysglimt. Og slik blir altså gjendiktingar noko nytt. Meiner no eg. Om du samanliknar originalen med dei nye norske tekstane (gjer no gjerne dét :-), vil du finna forskjellar, kanskje du til og med ville sagt det på ein annan måte - og nett det er fridomen i å gjendikta (Eg trur forresten neppe du finn alle orda i nynorskordboka...). Så her er vårt bidrag. Til eit eller anna. Kulturen, kanskje? Kunsten? (Eller kanskje likningskontoret?) Håpar uansett det smakar!

Bakgrunn

Eg har eit forhold – ein dragning – til Sumners musikk. Til

dei sterke melodiane. Til dei spennande og til dels kryptiske tekstane. Som mange andre. Eg dyrkar ikkje Sting, han er ikkje mitt "idol", om du skulle slumpe til å tru det. Eg likar berre det han har laga. Det har kvalitetar som tåler nydiktningar, nytolkningar. Innanfor klassisk musikk er det heilt vanleg å gi ut gamle verk i ny drakt. Eller i teateret for den saks skuld. Det er det me óg gjør her. Dette er nytolkningar av "gamle klassikarar" – nokre frå "komponistens tidligare periode" (les: The Police :-) og nokre frå "hans senere verker" (les: Sting goes solo). Det er no likevel mi overtyding at dette er eit prosjekt som står støtt på egne bein. Heilt nye arrangement, nye tekstar, nye vendingar. Det har vore utfordrande, og det har vore sjukt show.

At Sumner óg har vært (og til dels er), ein premiss-leverandør til samfunnsdebatten, er jo ikkje å forakta. Han er på dei undertryktes side, regnskogsarbeidet kjenner me til, han gidd – i tillegg til å høyre til den uoppnåelege pop-rojaliteta – å bry seg med andre enn seg sjølv. Det er sympatiske trekk.

Me lever i ei sinnsjuk verd. Nokon har, andre har ikkje. Dei som har, øydelegg det som er - det skjøre. Det er ikkje rett. At me får arbeida med musikk og kultur er berre å takka for. Takk.

Eg har eit godt tilfang av blanda følelser for prosjektet, aller mest gode - men nokre få svin luskar omkring i tarmtottane. Kanskje mest fordi me menneske er redde for å bli putta i båas, og starte å raute med dei andre kyrne der. Vel, vel. Drit i. Me likar prosjektet, det er ærleg meint, og det er ærleg spela. Ta det for det det er - nyt musikken, kos deg med han. Det er det me gjør.

Kjell Inge Torgersen

www.kjellingetorgersen.no

daWorks Records AS, Møllergt. 28, 0179 Oslo
Tlf.: 22 11 00 97 • Faks: [+47] 22 11 00 98
Epost: promo@daworks.no
www.daworks.no

Booking:
Kulturkompaniet AS, Lervigsveien 22, 4014 Stavanger
Tlf.: 51 91 70 00 Faks: 51 91 70 01
Epost: post@kulturkompaniet.no
www.kulturkompaniet.no